



Dei som har fylt 6 og 4 syng

Eit større lokalt særpreg, større fleksibilitet og meir involvering frå andre enn presten og klokkaren . Dette er dei viktigaste intensjonane bak den nye gudstenesteordninga som skal innførast frå første sundag i advent, seier sokneprest Kristian Due som presenterte nyordninga i soknemøtet i kyrkja i dag.

Gudstenesteutvalet i Uskedalen hadde vist til målsettjninga med større fleksibilitet og peika på at det må vera mogeleg å gjera små tilpasningar som ein ser tenlege undervegs. Det var ingen innvendingar mot det i soknemøtet



Leiaren i soknerådet spanderte kaffe

Det var ein innhaldsrik familiegudsteneste i dag før soknemøtet om nyordninga.

Kyrkjelydspedagogane Berte Haugland og Olaug Fagerheim var med og delte ut kyrkjebøker til dei som har fylt 4 og 6 i bygda og som var spesielt invitert denne dagen. Dei kvitterte med song som vekte stor begeistring i kyrkja

Frammøtet av pårørande var også godt slik at kyrkjelyden omfatta meir enn 80. Pedagogane framførte eit tablå om Jesus og barna og innslaget ga dei framømte eit innblikk i den store satsinga på trusopplæring som går føre seg no.

Etter gudstenesten spanderte soknerådet ved leiar Møyfrid Kristoffersen kaffe og kaker før soknemøtet vart raskt avvikla og ikkje avslørte store kontroversar tiltross for mange liturgiske detaljar.

På visse punkt har dei som har handsama saka gått inn for noko spesielt. Til dømes vil arbeidsutvalet i soknerådet opna for dåp på julaftan i særlege høve. Det har også vore usemje om forma av Herrens bøn. Men det har ikkje vore motstand mot to blink ved fotografering under dåp.

Foto og tekst: Ola Matti Mathisen



Organist Reidar Algerøy spela dømme på nyliturgien